

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
075/16	Levekårsutvalet	PS	22.11.2016
094/16	Kommunestyret	PS	15.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Atle Vaage	16/3366

Prioritering av søknadar om spelemidlar, søknadsomgang 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2017 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes):

1. Rehabilitering skianlegg Gamlesætra, Eikanger IL (2015)
2. Lindås Idrettspark, kunstgrasbane med lysanlegg (2016)
3. Lindås Idrettspark, delanlegg friidrett (2016)
4. Knarvik idrettspark, rehabilitering av friidrettsanlegg (2016)
5. Storstova Leiknes (2016)
6. Fleirbrukshall Knarvik (ny)
7. Klatreanlegg Knarvik Idrettshall (ny)
8. Fleirbrukshall Knarvik lokale kulturbygg (ny)
9. Fleirbrukshall Ostereidet (ny)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes):

1. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, minibane (2016)
2. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, ballplass (2016)
3. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, rulleskøyteområde (2016)

.....

Levekårsutvalet - 075/16

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:**Innstilling i Levekårsutvalet - 22.11.2016:**

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2017 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes):

1. Rehabilitering skianlegg Gamlesætra, Eikanger IL (2015)
2. Lindås Idrettspark, kunstgrasbane med lysanlegg (2016)
3. Lindås Idrettspark, delanlegg friidrett (2016)
4. Knarvik idrettspark, rehabilitering av friidrettsanlegg (2016)
5. Storstova Leiknes (2016)
6. Fleirbrukshall Knarvik (ny)
7. Klatreanlegg Knarvik Idrettshall (ny)
8. Fleirbrukshall Knarvik lokale kulturbygg (ny)
9. Fleirbrukshall Ostereidet (ny)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes):

1. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, minibane (2016)
2. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, ballplass (2016)
3. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, rulleskøyteområde (2016)

Kommunestyret - 094/16**KO - behandling:**

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2017 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes):

1. Rehabilitering skianlegg Gamlesætra, Eikanger IL (2015)
2. Lindås Idrettspark, kunstgrasbane med lysanlegg (2016)
3. Lindås Idrettspark, delanlegg friidrett (2016)
4. Knarvik idrettspark, rehabilitering av friidrettsanlegg (2016)
5. Storstova Leiknes (2016)
6. Fleirbrukshall Knarvik (ny)
7. Klatreanlegg Knarvik Idrettshall (ny)
8. Fleirbrukshall Knarvik lokale kulturbygg (ny)
9. Fleirbrukshall Ostereidet (ny)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes):

1. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, minibane (2016)
2. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, ballplass (2016)
3. Lindås Idrettspark, nærmiljøanlegg, rulleskøyteområde (2016)

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Lindås Idrettsråd

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, er heimla i lov om pengespel. Midlane kjem frå overskotet i Norsk Tipping AS. For å kunna søkja spelemidlar, må det aktuelle anlegget vera med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunen skal vedta ønska prioritering mellom dei aktuelle søknadane. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling, ut frå tildelt ramme frå departementet.

Lindås Idrettsråd

Saka har vore sendt til uttale hjå Lindås Idrettsråd. Tilbakemelding mottatt 06.11.2016;

«Lindås Idrettsråd støttar rådmannen sitt framlegg til prioritering av spelemiddelsøknadar for søknadsrunden 2017.»

Vurdering

Kommunen har i 2016 fått spelemidlar for tre av dei fire anlegga som vart prioritert høgast i fjor. Dette er den kommunale kunstgrasbana i Alversund (1 000 000), Lindås skyttarlag si 300 meters bane (136 000) og Eikanger IL sitt skileikanlegg (300 000).

I tillegg vart det søkt midlar for lokale kulturbygg til Storstova på Leiknes. Dette er ein eigen pott frå spelemidlane, meint for lokale kulturbygg og tilrettelegging for kultur i fleirbrukshallar. Tilskotet støttar etablering av scene, lyd og lysanlegg med meir. Kommunen fekk her innvilgd

kr 500 000.

Det står no berre att ein søknad frå frivillige lag i Lindås, det er Eikanger IL sin søknad om midlar til rehabilitering av skianlegget på Gamlesætra. Lindås kommune har svært høg andel kommunale anlegg. Det er ønskeleg å stimulera frivillige lag som bidrar til anleggsutvikling, og rådmannen rår difor til at denne søknaden vert prioritert øvst.

Dei kommunale anlegga er prioritert etter dato for ferdigstilling. Det er per no eit etterslep frå staten på om lag 3 år for tildeling av spelemidlar. I praksis betyr dette at det kan vera vanskeleg å oppnå spelemidlar til anlegg yngre enn 3 år. Lindås bør i 2017 difor setja dei eldste anlegga øvst på lista.

Fleirbrukshall Alversund vart i 2016 sett opp på prioriteringslista, då med utgangspunkt i rehabilitering av skulen og bygging av hall ved eksisterande skuletomt. I ettertid har kommunestyret vedtatt at det skal byggjast ny skule og fleirbrukshall på ny tomt. Regelverket for spelemidlar krev at ein anten eig tomta eller har juridisk bindande avtale om bruk av tomta, for å kunna søkja spelemidlar. Forhandlingar om tomtekjøp er førebels ikkje slutført. Det kan difor ikkje søkjast for fleirbrukshall Alversund for 2017.

.....